



NVE Konesjionsavdelinga
Postboks 5091
Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.
12/1369/FA -
S11/BEOS/70258820

Dykkar ref.

Dato:
01.06.2017

Melding om vedtak: Søknad om løyve til fire småkraftverk i Norddal kommune - høyring

Formannskapet - 052/17, 29.05.2017:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Norddal kommune viser til brev av 22.03.2017 frå NVE der konesjionsøknaden for etablering av Fosshein kraftverk, Dyrdøla kraftverk, Rødala kraftverk og Myklebust kraftverk er sendt på høyring.

Dei aktuelle kraftverka ligg alle i LNF- område og vil ikkje kome i konflikt med andre kommunale planar. Etableringa av kraftverka er positivt for kommunal næringsutvikling og eit godt bidrag når det gjeld satsing på fornybar energi.

Med helsing

Bente Klakken Osvik
konsulent

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.



Saksframlegg

Søknad om løyve til fire småkraftverk i Norddal kommune - høyring

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
052/17	Formannskapet	29.05.2017

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
22.03.2017	Høring av småkraftpakke Norddal. NVEs referanse: 201503081-20	142371
11.05.2017	Søknad om konsesjon 4 kraftverk i Norddal kommune - sak 12/1369	144862

Rådmannen si innstilling:

Norddal kommune viser til brev av 22.03.2017 frå NVE der konsesjonsøknaden for etablering av Fosshein kraftverk, Dyrdøla kraftverk, Rødala kraftverk og Myklebust kraftverk er sendt på høyring.

Dei aktuelle kraftverka ligg alle i LNF- område og vil ikkje kome i konflikt med andre kommunale planar. Etableringa av kraftverka er positivt for kommunal næringsutvikling og eit godt bidrag når det gjeld satsing på fornybar energi.

Formannskapet 29.05.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FS-052/17 Vedtak:

Norddal kommune viser til brev av 22.03.2017 frå NVE der konsesjonsøknaden for etablering av Fosshein kraftverk, Dyrdøla kraftverk, Rødala kraftverk og Myklebust kraftverk er sendt på høyring.

Dei aktuelle kraftverka ligg alle i LNF- område og vil ikkje kome i konflikt med andre kommunale planar. Etableringa av kraftverka er positivt for kommunal næringsutvikling og eit godt bidrag når det gjeld satsing på fornybar energi.

Saksgrunnlag:

NVE har motteke søknader frå fire småkraftverk i Norddal kommune. Søknadene skal handsamast samla og belastninga for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakene samla. Norddal kommune er her ein høyringspart.

Småkraftverka vil samla gje ein årleg produksjon på ca 22 GWh. Dette svarer til straumbruken til ca 1100 husstandar.

Søknadene er lagt ut på servicetorget med høyringsfrist 01.06.2017, og i tillegg sendt mange berørte partar. Fråsegner skal sendast til NVE innan 01.06.2017.

Saksopplysningar:

Søknaden gjeld desse småkraftverka:

Søknad	Søklar	Innstill. eff.	Produksjon
Fossheim kraftverk	Fossheim Kraft AS	0,99 MW	6,0 GWh
Dyrdøla kraftverk	Dyrdøla Kraft AS	0,87 MW	4,6 GWh
Rødøla kraftverk	Tafjord Kraft AS	1,95 MW	5,1 GWh
Myklebust kraftverk	Myklebust Kraft AS	0,97 MW	6,6 GWh

Kommunane er spesielt bedne om å vurdere søknadene opp mot gjeldande arealplanstatus. NVE opplyser at ein ikkje treng å handsame energianlegg etter plan- og bygningslova, og det er heller ikkje krav om reguleringsplan for slike anlegg.

NVE ynskjer at kommunen gir ein uttale. I tillegg til planstatus kan kommunen gjerne gi uttale når det gjeld landbruksinteresser, kulturminner, miljø og friluftinteresser dersom her skulle vere noko spesielt ein vil gjere merksam på, men her er det også andre høyringspartar som kan kome med innspel.

Litt om kraftverka:

Fossheim kraftverk

Kraftverket skal nytte eit 75 m høgt fall i Herdøla. Det har tidlegare vore kraftverk i Herdøla. Det planlagte tiltaket vil føre til at vassføringa i elva mellom Engeset og Dalhus vil bli redusert. Dette er ei elvestrekning på 915 m. Prosjektområdet har mykje turisttrafikk og inntaket ved Engeset kan verte ein turistatraksjon. Røyrigata vert ca 770 m og vil gå langsmed veg og vert nedgravd. Planstatusen i kommunen er LNF- område. Ein kan ikkje sjå at kraftverket vert til hinder for anna aktivitet i området bortsett frå i sjølve anleggsperioden.

Rødøla kraftverk

Tafjord Kraftproduksjon skal nytte eit 89,5 m høgt fall over ei strekning på 800 m i Rødøla. Denne elva renn mellom Heimste Rødalsvatnet og ned til Zakkariasvatnet. Området er frå før påverka av kraftutbygging. Tafjord Kraftproduksjon har fallretten og har avtale med grunneigar på det området dei ikkje eig. Planstatusen i kommunen er LNF- område. Det er utført biologiske undersøkingar, og ingen sjeldne/verdifulle naturtyper er identifisert. Kraftverket vil ikkje vere til hinder for anna aktivitet i området.

Dyrdøla kraftverk

Kraftverket skal byggast i kombinasjon med nytt vassverk i Dyrdøla som er ei sideelv i

Norddalsvassdraget. Det har tidlegare vore kraftverk i området. Tiltaket omfattar ei strekning på ca 750 m med eit fall på 125 m.

Vass- og kraftverket skal byggast med nedgravd rørgate. Kraftstasjonen skal plasserast på innmark ca 80 m frå eksisterande veg.

Dyrdøla er eit verna vassdrag, og det vert opplyst at tiltakshavar vil halde seg innanfor gjeldande regelverk. Tiltaket ligg i LNF- område og vil ha små negative verknader.

Myklebust kraftverk

Kraftverket skal byggast med bakgrunn i et 145 m høgt fall i Myklebustelva. Det planlagte tiltaket vil føre til at vassføringa i elva frå Høgsetfonna til Valldøla – ei elvestrekning på ca 2100 m får ei redusert vassføring. Røyrkata vert ca 2000 m lang og vil gå langsmed veg og lysløyper. Røyrkata vert nedgreve, og noko av traseen kan da nyttast til fritidsføre mål.

Området er eit aktivt friluftsområde med setrar og fritidsbustader. Sjølve kraftstasjonen vil ligge nede ved Valldøla. Tiltaket ligg i LNF- område og har små negative verknader.

Saksvurdering og konklusjon:

Ein har vurdert dei 4 kraftverka som NVE har sendt på høyring. Sakshandsamar har vurdert kraftverka saman med kommuneplanleggar og andre tilsette innan TNM.

Konklusjonen er at kraftverka er eit positivt tiltak for lokalmiljøet og i samsvar med kommunale planar for å satse på fornybar energi. Bygging av desse 4 kraftverka kan gi kommunen ny aktivitet og da spesielt i anleggsfasen, men også når drifta av kraftverka har starta opp.

Tor Helge Stavdal
rådmann